

Møtereferat

Dato: 16.08.2019

Emne:	Dialogmøte detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard og områdereguleringsplan Rylandshøgda	
Til stades:	Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Lars Petter Klem, Gunnbjørg Austrheim, Helene Moe, Sigrun Wølstad, Gunhild Raddum, Torill Klinker (v Rylandshøgda). Statens vegvesen: Marianne Skulstad, Hege Løtveit (v Rylandshøgda) og Sigmund Bodal (v Meland kyrkjegard) Meland kommune: Anny Bastesen og Lennart Falkenberg-Arell	
Forfall:	-	
Møtetid:	16.08.2019 kl. 12.00 – 14.00	Møtestad: Møterom 1226, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Lars Petter Klem

Møteleiar ønskte velkommen til dialogmøte for å diskutere to plansakar i Meland kommune som administrasjonen ved Hordaland fylkeskommune har varsla at dei vurderer å tilrå motsegn til.

Detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard

Planseksjonen v/ HFK orienterte overordna om planprosessen rundt Meland kyrkjegard. Hordaland fylkeskommune fremja varsel om motsegn av brev datert 28. juni 2019, på grunnlag av konflikt med kulturminneinteresser. Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for utviding av eksisterande gravplass, samt omlegging av dagens trasé for Bjørnestadvegen. Planforslaget vil erstatte deler av gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje, vedteken 1992.

Fylkeskonservatoren synte til at det i deira vurderingar har det vore viktig å sjå planen opp mot heilskapen rundt Meland kyrkjestad. Anlegget har stor tidsdjupne i spennet mellom mellomalderkyrkja og den listeførte kyrkja. Når fylkeskonservatoren har vurdert saken, har dei vurdert verknadane av dei planlagde tiltaka opp mot det heilskaplege kulturmiljøet, med den listeførte kyrkja med tilhøyrande gravplass, og mellomalderkyrkjegarden, som er freda.

Fylkeskonservatoren har vore på synfaring på kyrkjestaden.

På bakgrunn av dette vurderer ein det til at den planlagde omlegginga av Bjørnestadvegen vil medføre ei oppstyking av samanhengen i kulturlandskapet, og medføre tap av kulturminneverdi. På same tid ser ein inga problem med utvidinga av gravplassen sydaustover. Det er difor omlegginga av Bjørnestadvegen som ein vurderer til å vere av konflikt.

Fylkeskonservatoren meiner det bør vere mogleg å finne ei løysning for dagens vegtrasé som betrar tilhøva mellom vegtrafikk og fotgjengarar rundt Meland kyrkje, slik at ein ikkje treng å leggje om vegen og råker ved kulturverdiane i kyrkjestaden.

Ein peika også på at ein i planomtalen skildrar behov for ny, trygg innkøyrse til gravanlegget rundt kyrkja, og at ny Bjørndalsveg vil kunne betene dette behovet. Fylkeskonservatoren synte til at ein kan flytte den noverande garasjen, og gi inngang til området frå dagens vegtrasé.

Fylkeskonservatoren ved arkeolog påpeika at ein i oppstart bad om at ein inkluderte heile den gamle vedtekne planen frå 1992 i planarbeidet, slik at ein fekk vurdert kulturmiljøet samla. Verknadane av parkeringsanlegget og den vegtraséen som ligg inne i gjeldande reguleringsplan, og som ikkje har blitt realisert, vert vurdert annleis i dag.

Meland kommune orienterte om dagens tilhøve og behov for ny gravplass. Dei synte til at det var naudsynt å leggje om Bjørnestadvegen til nord for dagens kyrkje. Ved store seremoniar, som t.d. gravferd eller 17. mai-feiring, kan ein oppleve at ein som bilist ikkje kan passere på grunn av menneske i vegbanen. Dagens Bjørnestadvegen vert i praksis stengt ved større anledningar i kyrkja. Å rydde opp i dette var også noko av intensjonen i den gamle planen.

Ein vurderer omlegginga av vegen til å vere positiv for bebuarar i Bjørnestad og brukarar av kyrkja. Med omsyn til konsekvensane for estetikken ved omlegging av vegen, vart det foreslått at ein kunne leggje inn føresegn med krav om estetikk og tilpassing til kulturmiljøet for vegen.

Statens vegvesen vurderte omlegginga som eit tiltak som ville kunne betre tryggleiken rundt kyrkja. Dei vurderte også at det i dagens løysning er potensiale for å gjere tilhøva betre enn det som er i dag, til dømes ved endring på dagens kryssløysning. Statens vegvesen påpeika samstundes at fylkesvegen som ligg inne i gjeldande reguleringsplan ikkje er forankra økonomisk eller i gjennomføring, og satt difor spørsmål ved å berre bruke deler av den gjeldande planen vidare.

Statens vegvesen foreslo at ein i planarbeidet også kunne oppheve gjeldande reguleringsplan, slik at ein slipp eventuell diskrepans mellom ny plan og den gjeldande.

Planseksjonen v/ HFK stilte spørsmål om det ville vere aktuelt for kommunen å fjerne omlegginga av Bjørnestadvegen ut frå det noverande planarbeidet, då det elles ikkje er nokon strid om utvidinga av gravplassen sydaustover.

Meland kommune såg det som at det i utgangspunktet ikkje vil vere aktuelt å fjerne omlegging av vegen frå planforslaget, då det å handtere gjennomgangstrafikken er en viktig del av planforslaget. Kommunen vurderte det til at ei slik eventuell endring må bli behandla politisk.

Planseksjonen v/ HFK vurderte det til at ein på bakgrunn av kva som har kome fram i dialogmøte framleis vil tilrå å gå til motsegn. Dette sjølv om vegtraséen er del av vedteken reguleringsplan, og vidareført i gjeldande kommuneplanens arealdel. Dette med heimel i PBL § 11-8 tredje ledd bokstav f, som seier at ved bruk av omsynssone for gjeldande reguleringsplan skal vidareførast, skal kommunen vurdere planen opp mot nasjonale og regionale interesser. Då Meland kyrkje er listeført, har den nasjonal interesse. Dei listeførte kyrkjene blir i praksis handsama som å vere av nasjonal verdi, det vil seie freda. Kyrkja vart listeført etter gjeldande reguleringsplan vart vedteken.

Ein synte også til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin reguleringsplanvegleiar, som syner til at ved endring av eldre planar bør ein endre på heile planen og ikkje berre deler av den.

Konklusjon

Ein ble samd om at ein ikkje kom til semje om ny løysning. Administrasjonen ved Hordaland fylkeskommune vil framleis tilrå motsegn. Dette må bli behandla politisk. Ein vil jobbe mot å rekkje møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling den 11. september. Fylkeskommunen opprettheld difor ønsket om utsett høyringsfrist til 17.09.2019.

Første moglegheit for Meland kommune å behandle saka politisk vil vere 25. september.

Områdereguleringsplan Rylandshøgda

Planseksjonen v/ HFK orienterte om planprosessen, der samferdselsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune av juli 2019 fremja varsel om motsegn, på to punkter. Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for bustadutvikling nær områdesenteret Vikebø. Samstundes pågår det planarbeid med strekningen Fløksand-Vikebø på Fv. 564. Deler av vegen er innanfor planområdet for områdereguleringsplanen for Rylandshøgda.

Statens vegvesen orienterte om saka ut frå deira ansvar som vegforvaltar for Hordaland fylkeskommune for fylkesvegane. Dei tilrådde Hordaland fylkeskommune å varsle motsegn til planen på to punkter.

Punkt 1: planforslaget syner dagens vegtrasé til fv. 564. Ein ser det som uheldig at ein bruker dagens veglinje når ein vet at det planleggjast ny trasé for fylkesvegen. Spesielt då den nye vegen er høgt prioritert i Nordhordlandspakken og ligg godt an til å bli realisert. Det er behov for at ein i områdeplanen fastset ei byggegrense som er kompatibel mot framtidig ny veg.

Punkt 2: Ein har i planarbeidet med fylkesvegen funnet dårlege grunntilhøve rundt Leiro. I rekkefølgekrava i føresegnene står det at utbygginga må vere sikra gjennomført. Vegvesenet meiner føresegnene må sikre at vegtraseen er ferdigstilt.

Meland kommune: var einig i at det hadde vore manglande kommunikasjon i denne prosessen, då intensjonen frå deira side også var å oppretthalde dialog med vegvesenet om områdeplanen opp mot fylkesvegen.

Kommunen foreslo at dei kunne endre planavgrensinga slik at den nødvendige byggegrensa vert del av SVV sitt planarbeidet med fylkesvegen. Det gjer at SVV også må regulere inn bustadtomtar som er i områdereguleringsplanen no.

Alternativt kunne kommunen leggje inn byggegrensa i deira plan, og justere bustadtomtane etter dette.

Kommunen har allereie oppdatert rekkefølgekrava i tråd med krava frå Hordaland fylkeskommune.

Statens vegvesen var samd i at dette var ei løysning som kan fungere. Dei ønskjer då også at området får ei føresegn med omsynssone som syner til at dette arealet er sett av til framtidig veg. Føresegnene må sikre fleksibilitet for det vidare arbeidet med fylkesveg 564 Fløksand – Vikebø, og synleggjere tydeleg at det i dette området er pågåande planarbeid. Byggegrense på 50 meter frå dagens senterline vil vere førande for omsynssona

Konklusjon

Partane vart samd om løysning. Meland kommune vil oppdatere saksdokumenta i overenskomst med kva ein blei einige på dialogmøtet. Hordaland fylkeskommune vil av dette trekkje sine motsegnspunkt til områdereguleringsplan for Rylandshøgda på følgjande vilkår:

- Meland kommune må syne nytt plankart med omsynssone og føresegner, slik at det tek naudsynt omsyn til planarbeidet med fv. 564 Fløksand – Vikebø. Omsynssona skal syne byggegrensa som skal ta utgangspunkt i 50 meter frå dagens senterline.
- Meland kommune må syne at rekkefølgekrava for iverksetting og bygging er oppdatert på linje med krava i fråsegna frå Hordaland fylkeskommune.

Meland kommune må sende disse dokumenta ut på avgrensa høyring til Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.